



Hans Reidar Kjærland og Terje Myklebust er krumtappane i vassverket. Dei har fleire viktige spørsmål å handtera om dagen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

11. november klokka 19.30 held Uskedal Vassverk ekstraordinært årsmøte på skulen. Det har ingenting med skadene på anlegget å gjera, men vart halde for å endra vedtektene. Vassverket endra selskapsform til samvirkeforetak (SA) i fjor.

Då gjennomgjekk advokat Haldor Tveit vedtektene og fekk dei tilpassa samvirkelova av 2007. Men no har revisjonsfirmaet til vassverket som er BDO AS infomert om at det er naudsynt med ei ytterlegare tilpassing og klårare formulering i deler av vedtektene for ikkje å,verta definert som eit skattepliktig selskap

Advokaten og revisor Kari Landre Bjerke har saman gjennomgått vedtektene pånytt og endra paragrafane 3,4,13 og 15. Styret vonar med dette å ha gjort det som kan gjerast for ikkje å verta definert som eit skattepliktig selskap.

Framlegget til nye vedtekter vil verta lagt ut her på sida. Har nokon spørsmål eller ynskjer kopi kan dei kontakta formann Hans Reidar Kjærland på telefon 99 70 18 19

Av Ola Matti Mathisen

 [Framlegg til vedtekter for Uskedal vassverk SA](#)